

## Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 02.12.2014

Natalie A Golis (MDG) sette fram slikt forslag til vedtak:

«1. Fylkesutvalet rår ifrå overføring av Kroatjørn til Torfinnsvatnet.»

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke med 11 røyster mot Golis sitt forslag som fekk 2 røyster (MDG) og fall.

### Innstilling

1. Fylkesutvalet rår til overføring av Kroatjørn til Torfinnsvatnet.
2. Før konsesjon kan gjevast må det ligga føre ei kulturminneregistrering jf. Kulturminnelova § 9 og resultatet av denne må vera del av grunnlaget til ein eventuell konsesjon.
3. Utbygginga er i eit sårbart høgfjellsområde med mykje friluftsliv. Det må stillast høge krav til utforming av dei tekniske installasjonane og anleggsarbeidet for å hindre sår i landskapet.
4. Fiske etter aure i vatna er ein viktig del av friluftslivet i området. Utbygger må sørge for gode fiskevatn, ved å setje ut fisk og leggje til rette for gyting. Vatna skal undersøkjast jamnleg og utsetjing tilpassast for hindre for små eller for store populasjonar av fisk